

VALPROGRAM 2023-2027

# Med hjarte for Tysnes



Tysnes Høgre 

# INNHALD

## «Tysnes for alle»

side 3

## Helse, pleie og omsorg

side 6-9

## Oppvekst og opplæring

side 10-12

## Tysnes kommune som arbeidsgjevar

side 13-14

## Ein kommune for alle

side 15-16

## Tryggleik og beredskap

side 17

## Nærings- og bustadutvikling

side 18-20

## Idrett, kultur, frivilligheit og livssyn

side 21-23

## Samferdsel og kommunikasjon

side 24-26

## Ein grønare kommune

side 27-28

# Tysnes for alle

Tysnes er eit levande samfunn. I Tysnes har me engasjerte innbyggjarar som skapar aktivitet i lokalsamfunnet, me har eit innovativt næringsliv som skapar arbeidsplassar og bidrar aktivt inn til frivillig lagsliv i kommunen, og meir har ein kommune med flinke tilsette, som kvar dag jobbar for å tilby gode tenester til alle som bur her.

Skal me skape eit Tysnes som er førebudd på framtida treng me kunnskap. Me treng ein kunnskapsskule med høg kvalitet, som sikrar at alle elevar får like mogelegheiter og at færre fell frå. Når det gjeld arbeidsliv vil Tysnes i likskap med heile Noreg slite med rekruttering i åra som kjem, og me vil få utfordringar med å skaffe nok tilsette til både offentlege og private stillingar. Me må ha gode strategiar for rekruttering. Samstundes meiner me det er viktig å prioritere kompetanseheving for dei me allereie har tilsett. Dei som ynskjer å vidareutdanne seg skal ha mogelegheita til dette. Me trur også at alle har eit ynskje om å bidra i samfunnet. Difor er det viktig at me har gode ordningar som gjer dette mogeleg, og som gjer at endå fleire får ein meningsfull jobb å gå til.

Tysnes Høgre er stolte av at me har vore i posisjon i åtte år, med ordførar og eit samarbeidsfleirtal i kommunestyret. Tysnes Høgre har, saman med dei andre partia i kommunen, har bidratt til å utvikle Tysnes over tid. Me har i stor grad har gjennomført det me gjekk til val på i 2019. Samstundes er me veldig klar over at det framleis er mykje som kan betrast. Me vil halda fram med å betra det som ikkje fungerer, og bevara det som fungerer godt i kommunen vår. Me må stadig jobba for at både politikken, og kommunen, endrar seg i tråd med samfunnet rundt oss. Me har stor tru på at kvar enkelt kan utgjere ein forskjell i samfunnet. Samstundes er me i Høgre ikkje opptatt av å levera resultat åleine, for me veit at det er når me jobbar saman at Tysnes blir den aller beste kommunen å bu, arbeida og leva i!

Tysnes Høgre er audmjuke når me igjen ber tysnesingane om deira stemme under årets lokalval, slik at me også dei neste fire åra kan ha handa på rattet i Tysnes kommune.

### Tysnes Høgre går til val på følgjande hovudpunkt:

- Ei verdig eldreomsorg
- Ein familievenleg barnehagepolitikk
- Ein god skule for alle
- Rask psykisk helsehjelp
- Ein kommune på lag med næringslivet
- Effektiv drift med lågast mogleg kommunale avgifter
- Me heiar på Hordfast!
- Betre vegar
- Gode ferje-, båt- og kollektivtilbod
- Ein grønare kommune

Me har eit nytt Høgrelag på plass, med engasjerte kandidatar som vil bidra til å vidareføra og fornya. Tysnes Høgre stiller til val med 27 kandidatar som er klare til å stå på for innbyggjarane i Tysnes. Ordførarkandidaten til Høgre er Kristi Pedersen Madsen. Kristi er ung, men allereie godt erfaren i lokalpolitikken, og me trur ho kan tilføra noko nytt og friskt som ordførar i Tysnes kommune.

Det politiske programmet vårt inneheld nye sakar og idear for Tysnes, med kva som er best for deg som innbyggjar i fokus. Med dette laget, og dette programmet, vonar me å få di stemme i årets kommuneval. **Godt val!**

# Tysnes Høgre sine valkandidatar:



**Kristi Pedersen  
Madsen**  
ORDFØRARKANDIDAT



**Torstein Fjeldet  
Lunde**  
2. KANDIDAT



**Kåre Martin  
Kleppe**  
3. KANDIDAT



**Elisabeth  
Hatteberg**  
4. KANDIDAT



**Magne  
Storesætre**  
5. KANDIDAT



**Hedda  
Singelstad Kåsa**  
6. KANDIDAT



**Bjørn Lande**  
7. KANDIDAT



**Vidar  
Storesætre**  
8. KANDIDAT



**Kari Lande**  
9. KANDIDAT



**Frode  
Storetvedt**  
10. KANDIDAT



**Bronwyn Bakke**  
11. KANDIDAT



**Knut-Martin  
Dalland**  
12. KANDIDAT

## VALLISTE TYSNES HØGRE

1. Kristi Pedersen Madsen
2. Torstein Fjeldet Lunde
3. Kåre Martin Kleppe
4. Elisabeth Hatteberg
5. Magne Storesætre
6. Hedda Singelstad Kåsa
7. Bjørn Lande
8. Vidar Storesætre
9. Kari Lande
10. Frode Storetvedt
11. Bronwyn Bakke
12. Knut-Martin Dalland
13. Sigvard Michael Madsen
14. Eli Sofie Kathrine Sandvik
15. Trond Tvedt
16. Henrik Holm Sylta
17. Gard Erik Erstad
18. Stine Cecilie Johansen
19. Audun Magnussen
20. Jannike Epland Dalland
21. Hans Tore Brekke
22. Anne Kristi Alfstad
23. Geir Røssland
24. Ruth Kongsvik Brandvik
25. Egil Bjarne Berge
26. Steinar Frugård
27. Kjell Halvard Brekke



## Eit levande og aldersvennleg samfunn

For Tysnes Høgre er det viktig at me har ei verdig eldreomsorg, der me tek vare på dei eldre i samfunnet. I 2022 vedtok Tysnes kommune planen «Leve heile livet», ein plan som skal gjera at me kan jobba meir systematisk med å betra kvaliteten i eldreomsorga i kommunen. I tillegg til dette vil Tysnes Høgre arbeida for følgjande hovudsaker delt etter tema:

### BUSITUASJON

- Sikre at fleire skal ha tilgang til ein eigna bustad i eit aldersvennleg bumiljø
- Sikre at informasjon om korleis ein kan gjere eigen bustad aldersvennleg er lett tilgjengeleg og kjend for alle innbyggjarane i kommunen
- Styrke heimetenesta slik at fleire omsorgstenester kan ytast i heimen
- Starte utgreiinga av å byggja nye omsorgsbustadar framom Tysnes omsorgssenter
- Legge til rette for at eldre par skal kunne velje å bu saman i omsorgsbustad, også når berre den eine av dei treng omsorgsbustad

### TENESTENE

- Syte for klare, tydelege og tilgjengelege mål og definisjonar av tenesteyting.
- Sikre at kommunen får på plass ein strategi for bruk av helse- og velferdsteknologi som legg til rette for at fleire eldre kan bu heime lengst mogleg.

### MEDVERKNAD

- Sikre at kommunen årleg kartlegg tilstanden i helse- og omsorgssektoren, gjennom systematiske brukar- og pårørandeundersøkingar, der objektive kvalitetsindikatorar og brukartilfredsheit vil bli målt.
- Styrke det systematiske ernæringsarbeidet ved å setje fokus på mat og ernæring blant eldre. Det er naudsynt med større krav til næringsinnhald, både hos heimebuande og dei eldre på institusjon.
- Sikre kvalitet på tenestene og føreseielegheit for brukaren ved at dei som jobbar nærast dei eldre har rett kompetanse, og får meir ansvar og tillit.
- Stimulera til auka bruk av frivilljuge til aktivitet og tenester som ikkje blir dekkja av helsetenestene.

### FØREBYGGING

- Satsa på førebygging av livsstilssjukdommar, slik at ein kan legge til rette for ein betre alderdom.
- Leggja til rette for auka livskvalitet hos dei eldre, med fokus på både fysisk og psykisk helse.
- Aktiv satsing på både førebyggjande arbeid, habilitering og rehabilitering, slik at fleire eldre kan meistre kvardagen på eiga hand.

### INFORMASJON

- Utarbeida ein pårørandestrategi som er lett tilgjengeleg.

## Psykisk helse

Undersøkingar viser at det er stadig fleire som har psykiske helseutfordringar. Samtidig aukar ventetida for helsehjelp. Å vente på psykisk helsehjelp kan vere livsfarleg. Difor er det viktig at dei som ber om hjelp får det, og dei må få det i tide. Tysnes Høgre vil at dei som treng hjelp med psykiske helseutfordringar skal få rask og god hjelp, gjennom m.a. gode lågterskeltilbod og møteplassar, slik at ein unngår at problema veks seg større.

### Tysnes Høgre vil sikra:

- At alle innbyggjarane som har behov for det, har tilgang til eit kommunalt lågterskeltilbod innan psykisk helse.
- At det skal bli enklare å få hjelp, og at me blir flinkare til å hjelpa born og unge.
- At kommunen skal tilby rask psykisk helse helsehjelp (RPH), enten åleine eller i eit interkommunalt samarbeid.
- Vidareføring av positive lågterskeltilbod, som t.d. «gaminggruppa».
- At det skal arbeidast målbevisst for å redusera faren for sjølv-mord, gjennom m.a. å sikra kompetanse om psykisk helse og sjølv-mordsførebygging hos helsepersonell og dei som arbeidar med born og unge.
- Retta ekstra fokus på gutar og menn si psykiske helse, då statistikk visar at mange gutar og menn har alvorlege psykiske problem utan å seia frå i tide.



## Rusomsorg

Tysnes Høgre vil føra ein politikk med fokus på førebygging av rusproblem. Dei som slit med rus skal få hjelp, ikkje straff. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Sikre førebyggjande lågterskeltilbod som ikkje krev vedtak.
- Prioritera tiltak overfor born og unge som er pårørande til rusavhengige, eller som sjølv slit med rus.
- Sørgja for kunnskapsbasert rusførebyggjande opplæring i skulen.
- Utarbeida eit eige rusførebyggjande program for ungdom, i samarbeid med politi, helsevesen og ungdommen sjølve.
- Styrkja tilbodet til dei som er i skjeringpunktet mellom psykisk helse og rusbehandling, gjennom betre samarbeid og koordinering.

## Folkehelse

Det er eit samfunnsansvar å sikra at alle har gode føresetnader for eit godt liv med god helse. God helse og gode levevilkår heng saman, og folkehelsearbeidet må leggja til rette for ei betre helse for alle. Dette vil også redusere sosial ulikskap.

**Tysnes Høgre ynskjer difor å:**

- Gje alle born den beste starten gjennom systematisk førebyggjande arbeid, og syta for vidareføring av tidleg innsats.
- Skapa ein helsefremjande levestandard for alle i heile livsløpet ved å leggje til rette for fysisk aktivitet i eit lågterskelperspektiv.
- Utvikla og vedlikehalda gode rekreasjons- og badeområde for alle, og bidra til at det blir etablert fleire merka turløyper, med særleg vekt på turløyper som er universelt utforma – og pengar til å vedlikehalde løypene som er opparbeida.
- Syta for at folkehelsearbeidet får reell innverknad på planarbeid, for å kunne skape berekraftige lokalsamfunn.
- Bidra til mangfald og kjempa mot diskriminering og rasisme, og konsekvensane av dette.
- Syta for at kommunen deltek i nasjonalt folkehelsearbeid og søker tilskot til lokale folkehelseiltak i kommunen.

## Kvinnehelse

Det vart nyleg lagt fram ein nasjonal rapport som syner at kvinner si helse ikkje vert prioritert på lik linje med menn si helse (NOU 2023: 5).

**I Tysnes Høgre ynskjer me å bidra til satsing på kvinnehelse ved å:**

- Sikra at jordmortenesta blir ein del av legekantoret, for å styrkja kompetansen på kvinnehelse og gjera fagmiljøet meir robust.
- Sikra god rettleiing, oppfølging og støtte i samband med abort.
- Gje eit lokalt tilbod om celleprøvetaking og HPV-test.
- Sikra god tilgang til krisesenter og overgrepsmottak.
- Sikra kompetanse og tverrfagleg samarbeid kring kvinner si fysiske og psykiske helse.

## Svangerskaps-, fødsel- og barselomsorg

Tysnes kommune har dei siste åra hatt gode fødselstal, og det er viktig med ei god jordmorteneste for å følgja opp dette på ein god måte. I førre periode er jordmorstillinga auka frå 50 % til 100 %. Nasjonale tal viser at dei fødande blir eldre og har fleire komplikasjonar enn før, både i svangerskap, fødsel og barsel. Det er difor viktig å halda fram med satsinga på jordmortenesta. **Tysnes Høgre ynskjer å:**

- Syta for at jordmor skal vera tilgjengeleg og ivareta tryggleiken for gravide gjennom svangerskapet.
- Sikra god svangerskaps- og barselomsorg for å førebyggja fysiske og psykiske komplikasjonar, både før og etter fødsel.
- Sikra kompetanse på fødselar og svangerskapskomplikasjonar hos lokalt ambulanspersonell.

## Legekantor

Det er viktig at me i Tysnes kommune jobbar for å oppretthalda legekantor og legevakt med god kvalitet. For at kommunen over tid skal vera i stand til å levera gode tenester til innbyggjarane i Tysnes, må tenesta vere robust, og me må som arbeids-gjevar lukkast i å rekruttere personell slik at nøkkelstillingar ikkje står ubemanna.

- Behalde eiga legevakt i Tysnes kommune.
- Gjera bestilling og konsultasjon med lege over nett endå enklare og meir tilgjengeleg.



## Skule- og barnehagestruktur

Tysnes kommune står føre eit stort arbeid med større investeringar i både barnehagar og skular. Fyrst ut er Onarheim barnehage, der det er planlagt byggestart i august i år. Det er viktig at me gjer framtidretta investeringar som står seg over tid, og byggjer med ein kapasitet som gjer at bygga ikkje allereie er for små når dei opnar. På bakgrunn av dette gjekk Tysnes Høgre i førre periode inn for å vedta ein skulebruksplan der me skal endra skulestrukturen i Tysnes, noko me vil følge opp i denne perioden. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Starte med naudsynt ombygging av Onarheim skule, for å gje plass til skuleklassar der det i dag er barnehage.
- Starte bygging av barnetrinn på Gjerstad.
- Byggja om Uggdal skule til barnehage, for å erstatta Stjernereiso barnehage.
- Satsa vidare på ein desentralisert barnehagestruktur.
- Byggja opp barnehagekapasiteten i pressområde som Våge og Uggdal, slik at fleire barnefamiljar får barnehageplass der dei bur.

## Ein familievennleg barnehagepolitikk

Tysnes Høgre vil ha eit mangfaldig barnehagetilbod med høg kvalitet og godt innhald. Tysnes Høgre ynskjer ein familievennleg barnehagepolitikk, der me skal leggja til rette for barnefamiliane og deira behov for fleksibilitet. Det er viktig å ha ein barnehage der leik og trivsel står i fokus, og at me stadig utviklar barnehage-tilbodet i kommunen. Dei tilsette er dei viktigaste ressursane i barnehagane, og Tysnes Høgre meiner det er viktig at det blir gitt tilbod om fagleg utvikling og påfyll til dei tilsette. Høgre er også særskilt opptatt av at tidleg innsats startar allereie i barnehagen, og me meiner det er ekstra viktig å leggja vekt på born si språkutvikling. Dersom born i vår kommune veks opp under uforsvarlege forhold i heimen, er dette viktig at blir oppdaga så tidleg som mogeleg. Også her har barnehagane ein viktig rolle. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Gje mogelegheit til etter- og vidareutdanning for dei tilsette.
- Leggja til rette for at ufaglærte skal kunna ta fagbrev.
- Få fleire lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget i skule og barnehage.
- Auke kompetansen innanfor COS-P til alle tilsette i barnehagane.
- Få til forsøksordning med vikarbank i barnehagane, der kommunen tilset fleire i faste, fulle stillingar, som ein kan nytta som vikarar ved fråvær.

- Jobba for å auka tal på menn tilsett i barnehagane.
- Fortsetja satsinga med utvida opningstider i barnehagane, for å sjå meir langsiktig effekt av tiltaket.
- Halda sommarstengde barnehagar til eit minimum.
- Vera positiv til private og ideelle initiativ, så lenge det er eit supplement til dei kommunale barnehagane, og er økonomisk berekraftig.

## Ein kunnskapsbasert skule med like mogelegheiter for alle

Tysnes Høgre har store ambisjonar for tysnesskulane. Ein god skule er det viktigaste tiltaket for å motverka sosiale forskjellar og gje mogelegheiter for alle. Skulane i Tysnes skal vera ein arena for glede og meistring, og bidra til at alle born får ein god start på livet. Tidleg innsats skal gje fleire born hjelp med ein gong problema oppstår, slik at dei ikkje blir hengande etter. Me meiner at ingen skal gå ut av skulen utan å kunna lesa, skriva og rekna skikkeleg. Det er samstundes viktig at me har ein skule som er tilpassa kvar enkelt elev og deira behov. Born som opplever mobbing, vanskelege familiesituasjonar eller har psykiske plagar må også bli fanga opp tidleg. Tysnes Høgre ynskjer i tillegg å satsa på investering i egne tilsette, og utvikling av det faglege tilbodet i skulen. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Sikra tverrfagleg samarbeid mellom alle tenester som arbeidar med born og unge.
- Styrka tidleg innsats i skulen, og sørgja for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning får tilbod om intensivopplæring eller anna tilpassa opplæringsløp.
- Auke kompetansen innanfor COS-P til dei tilsette i skulane.
- Vidareføra og styrka synspedagogtilbodet som ein del av tidleg innsats i skulen.
- Halda fram satsinga på biblioteket, og leggja til rette for godt samarbeid mellom skule og bibliotek.
- Jobba for å oppretthalda og vidareutvikla «Blå skule», og leggja til rette for andre likande satstingar på Uggdal og Onarheim skule.
- Halda fram satsinga på «Ungt entreprenørskap» i skulen.
- Leggja til rette for meir innkjøp av bøker framfor digitale verktøy til elevane.
- Gje tilsette mogelegheit for å auka kompetansen ved å tilby etter- og vidareutdanning.
- Jobba for at Tysnes kan tilby fleire praksisplassar til lærarstudentar.
- Halda sommarstengd SFO til eit minimum.
- Halda fram med å utvikla SFO-tilbodet etter skuletid, til å m.a. inkludera meir aktivitet og leksehjelp.

## Barne- og ungdomsarbeid

Det er viktig at foreldre, born og ungdom har gode treffpunkt med kommunen, der ein kan få hjelp til mindre og større utfordringar i kvardagen.

### Difor vil Tysnes Høgre:

- Ha ei god og tilgjengeleg skulehelseteneste på alle skolane våre.
- Halda fram med arbeidet med ein synleg og tilgjengeleg helsestasjon for ungdom, som er like sjølvstøtt for både gutar og jenter å bruka.
- Fokusera på psykisk helsearbeid for born og ungdom.
- Nyttja barnevernstenestene sine tilgjengelege ressursar og kompetanse til førebyggjande arbeid.
- Samarbeida tett med politiet om førebyggjande arbeid og tidleg innsats, mot blant anna rus, vald og annan ungdomskriminalitet.
- Ha ein god dialog mellom kommunen, foreiningar, idrettslag og andre lokale organisasjonar i kommunen om førebygging og utanforskap blant born og unge.



## Arbeidsmiljø, openheit og utvikling

Det er medarbeidarane som er navet i kommunen sine tenester. For at kommunen skal gje best mogleg tenester, er det avgjerande at dei tilsette har gode arbeidsvilkår. Det er naudsynt at fleire er på arbeid kvar dag for å gjer gode og føreseielege tenester, og fleire på arbeid kvar dag vil gje ein betre kvardag for alle. Difor treng me fleire på jobb samtidig, og eit auka nærvær. Høgre vil arbeida for at det skal vere tilstrekkeleg med ressursar, slik at medarbeidaren kan kjenna på den gode kjensla av å ha ein meningsfull jobb som ein meistarar saman med gode kollegaer. Me ynskjer å arbeida for ein helsefremmande og attraktiv arbeidsplass. **Tysnes Høgre ynskjer å:**

- Syta for at Tysnes kommune blir ein attraktiv arbeidsplass.
- At Tysnes kommune skal vere ei attraktiv lærebedrift som innfrir nasjonale mål om lærlingar.
- Oppretta målretta tiltak for å få fleire kompetente søkjarar til ledige stillingar.
- Ha gode tilsettingsprosessar.
- Syta for at kommuneleiinga tar eit aktivt ansvar for å leggja til rette for ein god openheitskultur.
- Syta for at rett kompetanse blir nytta på best måte.
- Syta for at dei tilsette har reell medverknad, og at viktige saker og spørsmål som har direkte innverknad på dei tilsette, blir diskutert med medarbeidarane og organisasjonane deira.
- Ta på alvor innspel frå tilsette som kan gjera det endå betre å jobba i kommunen, og som kan betra tenestene og saksbehandlinga til kommunen.
- Sjå på mogelegheiter for å auke grunnbemanninga i sektorar der arbeidsbelastninga er høg, der dette også kan bidra til å løysa behov for vikarar i eigen regi.
- Arbeida for at arbeidsmiljøet er prega av kvalitetsbevisstheit, fleksibilitet, tillit og høg trivsel.
- Innføra system for regelmessige medarbeidarundersøkingar som sikrar anonymitet, og system for oppfølging.
- Arbeida for å få ein god kultur for varsling i kommunen, og sørgja for at kommunen sine planar for handtering av varslar blir jamleg oppdatert.
- Syta for at kommuneleiinga tar eit aktivt ansvar for å leggja til rette for at det vert lett å melde om avvik, og at desse vert handsama på rett nivå.
- Arbeida for å redusera sjukefråværet i samarbeid med NAV, tillitsvalde og bedriftshelsetenesta.

### Betre leiaroppfølging gjev betre leiing

Tysnes kommune står overfor viktige utfordringar framover. For at ein best mogleg skal handtera desse, treng me gode og motiverte leiarar på alle nivå i kommunen.

#### Difor vil Tysnes Høgre:

- Etablere periodiske samlingar for leiarane i kommunen, der leiarane skal få naudsynt fagleg påfyll og rettleiing, og som skal vere ein møteplass for utveksling av erfaring.
- At det skal etablerast ei fadderordning for nye leiarar, og at det kort tid etter tilsetjing skal gjevast opplæring i godt leiarskap og personaloppfølging, sentrale lovar og reglar, og kommunale planar og rutinar.



### God inkludering gjev mogelegheiter for alle

I Tysnes skal alle innbyggjarane ha likeverdige mogelegheiter til å bidra og delta i fellesskapet. Alle skal kunne vera den ein er, og tru på det ein vil. Alle skal ha like mogelegheiter og rettigheter uavhengig av kven ein er, og kor ein kjem frå. Tysnes Høgre meiner respekt, likeverd og inkludering er viktig for at alle skal kunne delta på like vilkår. Gode norskkunnskapar er også viktig for å koma i arbeid og delta aktivt i samfunnet. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Sørge for at introduksjonsprogrammet er tilpassa den enkelte.
- Utvida tilbod om spissa arbeidsretta språkopplæring i samarbeid med ulike bransjar.
- Styrka frivilligheita og idretten si rolle i integreringsarbeidet gjennom tilrettelegging og støtte til lågterskeltilbod.
- Leggja til rette for kvardagsintegrering som skaper tilhørsle til lokalsamfunnet gjennom tiltak som «Tysnesven» og andre mentorordningar.

### Ein betre kvardag for menneske med nedsett funksjonsevne

Tysnes Høgre vil ha eit samfunn som gjev mogelegheiter for alle. Kvardagen til personar med nedsett funksjonsevne og deira pårørande kan bestå av ulike typar utfordringar, alt frå barnehage og skule, til transport, busituasjon, fritidstilbod, dagtilbod, assistanse og avlastning. Tysnes Høgre sitt utgangspunkt er å bidra til at kvardagen skal bli så god som mogeleg, og at me tilpassar systema våre til menneske og ikkje motsett. Høgres sitt mål er at alle som har rett på støtte og assistanse skal få det, og at familiar får den avlastinga dei treng for å meistre kvardagen. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Sørge for eit meningsfullt dagtilbod for personar som ikkje er i arbeid.
- At alle som har nedsett funksjonsevne skal kunne delta i fritidstilbod og fysisk aktivitet.
- Arbeida for fleire tilrettelagde arbeidsplassar i kommunen vår.



## Servicekommunen

Det skal vere ei hyggeleg oppleving å ta kontakt med Tysnes kommune, og ingen skal oppleve kommunen som avvisande. Det er viktig for tilliten til kommunen at kommunen er tilgjengeleg, og at folk får den hjelpa dei treng.

### Difor vil Tysnes Høgre jobba for:

- At kommunen skal vere ein servicevenleg, løysingsorientert og proaktiv kommune.
- At det å venda seg til kommunen, uansett etat, skal verta oppfatta som ei positiv oppleving.
- At Tysnes kommune skal invitere til eit informasjonsmøte ein gong i året, der kommunen informerer om status i kommunen, pågåande prosjekt, positive ting ein jobbar med, og også kva utfordringar kommunen har.
- At Tysnes kommune skal vedta ei serviceerklæring, der kommunen set seg mål om lengd på saksbehandlingstid, og målbare mål for korleis ein samhandlar med innbyggjarane i kommunen.
- At sakshandsamingstida skal kortast ned til eit minimum.
- At kommunen skal bli flinkare til å informera om arrangement og satsingar i kommunal regi.

## Digitalisering og digitale verktøy

Verda blir meir og meir digital, og det som tidlegare berre kunne løysast ved å møte fysisk opp på kommunehuset, kan no løysast med digitale løysingar. Dette kan gjera det lettare for innbyggjarane å ta kontakt med kommunen, men kan også opplevast som utfordrande for nokon. **Tysnes Høgre vil:**

- Sørgja for kontinuerleg vedlikehald og oppdatering av nettstaden til kommunen, at denne er universelt utforma, og at nettstaden er ein god og moderne portal for digitale tenester.
- Samarbeida om digitaliseringsprosjekt med kommunane rundt oss, og rullera digitaliseringsstrategien for Tysnes kommune.
- Etter kvart som nye digitale løysingar kjem, må kommunen tilby opplæring i bruk av desse løysingane.

## Brann og redning

Det er kommunen som har ansvaret for brannvernet, og det er viktig at kommunen prioriterer dette feltet, slik at brannvesenet er godt rusta til å handtere situasjonane dei rykker ut til. Rett og godt utstyr, rett kompetanse, og gode fasilitetar er viktig for å ha eit godt brannvesen, men også viktig for å ha godt motiverte tilsette.

### Difor vil Tysnes Høgre:

- Byggja ny brannstasjon, med møte-, trenings- og kontorfasilitetar, plassert på lokasjon med god dekning på naudnett.
- Investera i ny båt til Tysnes brann og redning, slik at dei er i stand til å gjennomføre oppdrag på øyer og i havet.
- Syta for at mannskapet får jamlege øvingar, både lokalt og i større regionale øvingar.
- Halda fram med det tette samarbeidet med andre kommunar, gjennom Vest brann- og redningsregion.
- Halda fram med å investera i nytt og godt utstyr.

## Politi, ambulanse og beredskapsplanar

For å ha det bra, er det viktig at folk kjenner dei har det trygt der dei bur. For Tysnes Høgre er det viktig at me har politi og ambulanse som er lokalisert i Tysnes, og som er tilgjengeleg når det trengs. I tillegg er det viktig at me har gode og oppdaterte beredskapsplanar, det alle relevante aktørar er med i utforminga av disse.

### Difor vil Tysnes Høgre:

- Kjempa for meir tilstadeverande politi i Tysnes kommune.
- Arbeida for fleire lokalt tilgjengelege polititener.
- Kjempa for gode rammer for ambulansenesta, og syts for at ambulansetenen i sunnhordlandsbassenget er tilgjengeleg også for tysnesingar.
- Rullera risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) i løpet av perioden.



Kommunen skal i denne perioden fullføra rulleringa av arealdelen i kommuneplanen. Dette er verktøyet me har for å planleggja fram i tid for korleis me ynskjer kommunen skal sjå ut, og kva me skal leggja til rette for. Det er viktig for Tysnes Høgre å balansera mellom utvikling og vern, og at kommune legg til rette for gode næringsareal og areal til bustad, samtidig som me set av store område til rekreasjon og fritidsaktivitetar.

## Etablering av egedomsutviklingselskap

Tysnes Høgre ynskjer å etablere eit selskap saman med Tysnes Kraftlag, som skal planleggja, kjøpe, utvikla og selja eigedom. På den måten kan kommunen vera ein aktiv utviklar, som legg til rette og utviklar både næringsseigedom og bustadområde. Dette gjer at lokalt næringsliv kan få aktivitet i tida framover, utan å ta for stor risiko, samtidig som gevinsten ved egedomsutvikling kjem tilbake til innbyggjarane i Tysnes både via Tysnes kommune og Tysnes Kraftlag.

## Næringsliv – på lag med jobbskaparane

Eit godt og mangfaldig næringsliv er viktig for at folk kan bu og arbeida i kommunen. Tysnes Høgre ynskjer å bidra til at Tysnes kommune er positiv og løysingsorientert, og skapa ein “heiakultur” der me heiar fram det kreative og skapande næringslivet, både for etablerte og nye bedrifter. Då må me sørgja for at næringslivet møter ein kommune som ynskjer å spela på lag. Tysnes Høgre ynskjer å leggja til rette for enklare etablering av ny næringsverksemd i Tysnes, og at næringslivet skal ha mogelegheit til å veksa og vidareutviklast innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Tysnes Høgre vil arbeida for ei raskare og meir føreseieleg behandling av reguleringsplanar og byggjesaker gjennom digitalisering og forenkling av prosessane. Det har dei siste åra vore fleire, og store, etableringar i kommunen. Me må likevel jobba vidare for å vera ein attraktiv stad å starta opp bedrift. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Planleggja for nye næringsområde i kommuneplanen.
- Aktivt støtta opp om Tysnes Næringsråd.
- Leggja til rette for etablering og utvikling for kortreist sjø- og gardsmat.
- Gje støtte til omdøme prosjekt, og samarbeida for å utvikla kommunen og leggja til rette for større arrangement.

- At kommunen skal driva aktiv leverandørutvikling for å styrkja moglegheitene for lokalt næringsliv ved offentlege anskaffingar.
- Styrkja arbeidet med digitalisering av kommunal sektor, og arbeida for raskare og meir føreseieleg behandling av reguleringsplanar og byggjesaker.
- Vera positive til næringsetablering i heile kommunen for å skape levande og aktive bygder og lokalsentra.
- Planleggja for område til å etablere fiskerihamn for kystfiskarar.
- Leggja til rette for moderne oppdrettsanlegg og setja av område for ny type oppdrett, som t.d. tang og tare.
- Planleggja for større samanhengande næringsområde i sjøkanten og på land.

## Fleire må inkluderast i arbeidslivet

Det har stor eigenverdi for den enkelte å vera i arbeid. Vårt velferdssamfunn er avhengig av at alle som kan arbeida, arbeidar og bidrar til vår felles velferd. Den største forskjellen er ofte mellom dei som står utanfor og innanfor arbeidslivet. Altfor mange står i dag utanfor arbeidslivet, og får ikkje bidratt med det dei kan. Samtidig har både næringslivet og offentleg sektor stort behov for arbeidskraft. Tysnes Høgre ynskjer at kommunen skal ta sin del av ansvaret, og inkludera og leggja til rette betre for at fleire skal koma i arbeid. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Arbeida for eit inkluderande arbeidsliv, som legg til rette for at yrkesaktive utanfor arbeidslivet kjem tilbake i ordinært arbeidsliv.
- Få på plass ei eigarskapsmelding for Tysnes Industri, der kommunen vedtar strategi for bedrifta, og vurderer korleis kommunen i samarbeid med Tysnes Industri og andre samarbeidspartnarar kan leggja til rette for at fleire kjem seg i arbeid, eller får mogelegheit til tilpassa arbeid. Her skal ein også invitera inn resten av næringslivet til å bli aktive eigarar i Tysnes Industri.
- Halda fram med inkluderingsdugnaden i kommunen, og ha som mål at fleire av alle ny-tilsettingar i kommunen skal vera personar med innvandrabakgrunn, med nedsett funksjonsevne, eller personar med hol i CV-en.

## Bustad og arealutvikling

Tysnes Høgre meiner det er viktig at me legg til rette for god tettstadutvikling, der me kan planleggja for fortetting av bustadar med god nærleik til butikk og andre tenester. Samtidig må me leggja til rette for dei som ikkje ynskjer å bu så sentralt. Dette er viktig både for å leggja til rette for at flest mogleg ynskjer å busette seg i Tysnes kommune, og for å syta for at det er vekst og aktivitet i alle delar av kommunen. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Setja av område for utviding av eksisterande byggefelt, og til etablering av nye der det er naudsynt.
- Kommunen må syta for at det er byggetomter, anten i eigen regi, eller i samarbeid med private, ved å utvida eksisterande bustadfelt eller ved etablering av nye der det er turvande.
- Syta for ingen auke i inntekt frå eigedomskatt. Målet er på sikt å avvikla denne skatten.
- Setja av område for etablering av båthamner og naustområde.
- Ha ein kommuneplan som opnar opp for å byggja hus sjølv om ein ikkje ynskjer å bygga i etablerte bustadområde.
- Ta ut planlagde område i kommuneplanen som har vore med i kommuneplanen over mange år, utan å bli realisert, og som blokkerer for annan aktivitet.
- Setja av område for etablering av friluftaktivitetar.
- Vera tydeleg på kva område ein ynskjer å bevare slik dei er i dag, som delar av strandsona, og viktige område for kultur og miljø.
- Setja av område for etablering av hyttefelt.

## Byggesak

Det kan vere både dyrt og komplisert å starta byggjeprosessar, uansett storleik. Dette har Høgre forståing for. Det er difor viktig at me syter for at kommunen er så behjelpeleg som mogeleg i denne prosessen, for at det skal bli både lettare og billegare å byggja i Tysnes kommune. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Forbetra kommuneplanen som skal rullerast.
- Prioritera førehandssamtalar med dei som ynskjer det i forkant av søknadsprosess.
- Innføra brukarundersøkingar for å gjere det enklare for innbyggjarane og bedrifter å seia ifrå om positive og negative erfaringar.
- Gjennomføra ein større gjennomgang av gebyrregulativet til kommune, slik at gebyr på byggesak blir meir rettferdig.

## Frivilligheit

Tysnes kommune er heilt avhengig av frivilligheit for å tilby vaksne og born gode tilbod. Dette gjeld både i idretten og kulturlivet, men også for menneske som treng ekstra omsorg og oppfølging i kvardagen er frivilligheita viktig.

**Difor vil Tysnes Høgre:**

- Vidareføra 100 % stilling i Frivilligsentralen, for å utvikla tilbodet spesielt for eldre og til menneske med nedsett funksjonsevne.
- Styrkja samarbeidet mellom Frivilligsentralen og det etablerte lags- og organisasjonslivet i kommunen.
- Oppretta eit råd for bygdelaga i kommunen, som skal drøfta og løfta prosjekt bygdelaga jobbar med, og som kommunen kan hjelpe med å realisere eller gjennomføra.
- Tilby kurs og kompetanseheving for styra i friviljuge lag og organisasjonar.
- Gjere kommunen sine lokale endå meir tilgjengeleg for lag og organisasjonar.
- Etablere ny tilskotsordning for energisparings- og klimatiltak i grendahus, kyrkjer og bygningar som frivillige lag og organisasjonar eig og nyttar. Dette vil redusere driftskostnader og kan frigjera midlar til andre naudsynte tiltak og aktivitetar i lokalsamfunna.
- Styrkja tilskotsordningane for idrett, kultur og nærmiljøtiltak

## Idrett

Idretten er Noregs største folkerørsle. Deltaking bidrar til god folkehelse og inkludering. Majoriteten av idretten er driven av frivilligheita, som igjen skaper lokalt engasjement og fellesskap. Høgre ynskjer å leggja til rette for størst mogeleg frivillig engasjement i idrett og friluftsliv. Gjennom frivilligheita oppnår me sosial tillit, inkludering og kvardagsintegrering. Økonomisk situasjon og sosial bakgrunn skal ikkje vera til hinder for deltaking og frivillig innsats.

Tysnes kommune har eit variert tilbod innafor idrett, med idrettsanlegg for eit mangfald av ulike idrettsgreiner. Dette er viktig for at innbyggjarane skal ha eit variert tilbod. Likevel bør ein jobba vidare med å etablere fleire tilbod.

**Difor vil Tysnes Høgre:**

- Etablere anlegg for friidrett, gjerne ved etablering av konseptet «friplass».
- Ha fokus på låge leigekostnader på kommunen sine anlegg, for å gje så låg som mogeleg kostnadsbelastning på idrettslaga.



- Ha jamlege dialogmøte med idrettslag for utvikling og drift av idrettsaktivitetar og idrettsanlegg.
- Ha fokus på låge leigekostnader på kommunen sine anlegg, for å gje så låg som mogeleg kostnadsbelastning på idrettslaga. Leige for organisert aktivitet for born og ungdom skal vera gratis.
- Byggja nytt basseng, som erstattar bassenget som i dag står på Gjerstad. Dette må vere eit basseng som er tilgjengeleg for alle, og som legg til rette for god symjeundervisning for alle. I 2023 er det oppstart på forprosjekt for bassengbygg som ser på dimensjonering, driftsmodell og plassering. Tysnes Høgre ynskjer å ta endeleg stilling til dette etter at forprosjektet er ferdig, men er tydeleg på at det uansett må byggjast nytt basseng.

## Kultur

Tysnes Høgre er stolt av kulturlivet i kommunen. Kulturskulen, i tillegg til frivillige lag og organisasjonar, bidreg til at unge og vaksne får utvikla deira kreative sider. Me har mange kulturhus i kommune, der frivillige lag helg etter helg arrangerer gode kulturarrangement for store og små. I tillegg har me Tysnesfest, samt fleire i restaurant- og utelivsmiljøet som gjennom heile året tilbyr gode kulturopplevingar. Me meiner dette er viktig for kommunen, og difor vil Tysnes Høgre:

- Vidareføra støtta til Tysnesfest, og fortsetta det gode samarbeidet mellom kommunen og festivalen.
- Laga tiltaksplan for å følgja opp kommunedelplan for kulturminne.
- Støtta lag og organisasjonar som driv med kulturformidling i kommunen, for å styrke Tysnes som ein turist- og kulturattraksjon.
- Ta vare på dei eksisterande kommunale kulturarenaane i kommunen, og sørgje for at dei er anvendelege og moderne scenar for kulturaktiviteten i Tysnes.
- Fortsetja støtta til drift av kino i Grendatun, og vera med på initiativ til å utvida tilbodet og lokalet.
- Støtta ungdomslag sitt arbeid med å modernisere ungdomshusa og gjera det meir tilgjengeleg for ungdomen på Tysnes til å nytta det som samlingslokale og til kulturlokale.

## Kyrkje og livssyn

Tysnes kommune kan vera stolt av at ein har fire vakre og gode kyrkjer i kommunen. Det er viktig når ein først har drift i kyrkjene, at desse blir vedlikehalde og at dei kan brukast av alle. I tillegg er det viktig at me har tilgjengelege lokale for menneske med andre livssyn. Difor vil Tysnes Høgre:

- Halda fram med å sikre midlar til drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar.
- Etablera minnelund i Tysnes kommune.
- Etablera eit livssynsnøytralt forsamlingslokale og seremonirom i Tysnes kommune.
- Syta for at Tysnes kommune alltid seier ja til søknadar om vigsel i kommunal regi.
- Arbeida for at tysnesungdomane får eit reelt alternativ til kyrkjeleg konfirmasjon.





## E39 – Hordfast

Tysnes Høgre er for Hordfast, og vil jobba for så rask realisering av Hordfast som mogleg. Det neste året skal reguleringsplanen på høyring, og prosjektet byrjar å nærme seg klart for byggestart. Dei siste åra har det vore jobba med kommunedelplan på E39 Hordfast, som no er vedtatt. Dei neste åra skal veg, bru og tunell detaljplanleggast. **For Tysnes Høgre blir det viktig å:**

- Jobba vidare for snarleg realisering av Hordfast.
- Jobba for å planlegge og realisere gode tilførselsvegane til E39.
- Jobba for ferjesamband mellom E39 på Reksteren og Austevoll.
- Jobba for innkorting av ferjesamband frå E39 på Tysnes til Kvinnherad, med veg og bru over Huglo.
- Sørgja for minst mogleg negative konsekvensar for folk og miljø i den vidare planlegginga av E39.

## Kommunal veg

I Tysnes kommune har me kommunale vegar som strekk seg ut i alle krikar og krokar i kommunen. Med meir utfordrande klima, og større vassmengder som renn langs og i vegen, er det viktig at kommunen satsar på vedlikehald av kommunale vegar. Gode kommunale vegar er viktig for å koma seg trygt fram i kommunen. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Jobba for å redusere vedlikehaldsetterslepet på dei kommunale vegane, ved å prioritere asfaltering og grøftereins.
- Betre sikkerheita for mjuke trafikantar mellom skular, barnehagar og byggefelt.
- Rullera kommunen sin trafikksikringsplan i løpet av perioden, med tilhøyrande handlings- og investeringsprogram for den delen som omhandlar kommunale vegar.

## Fylkesveg

Store delar av dei mest trafikkerte vegane på Tysnes er fylkesveg, og det er difor fylkeskommunen som har ansvaret for dei. Likevel har kommunen påverka på korleis fylkeskommunen prioriterer midlane sine. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Jobba for å få meir midlar får fylkeskommunen til vedlikehald og asfaltering av fylkesveg.
- Jobba for å få realisert bru til Huglo i samarbeid med stat og fylkeskommune for å sikra oss pengar frå ferjeavløysingsordninga.
- Syta for at kommunen søkjer midlar frå fylkeskommunen til tiltak for å gjera vegane til skule og barnehage tryggare.
- Jobba for utviding av vegen mellom Uggdal og Våge, med gang og sykkelveg mellom Reiso og Våge.
- Jobba for å utbetra flaskehalsar langs fylkesvegen. Fyrst i rekka er Fv 5076 mellom Nymark og Skorpokrysset.
- Lage kommunal vegpakke for å planlegga vegutbetringar på fylkesveg, og på den måten vera betre stilt når fylkeskommunen skal prioritera midlar til vegprosjekt.
- Forsetja arbeidet med planlegging av Sunnfast, eit samband mellom Kvinnherad og Tysnes.

## Ferje

I arbeidet med dei nye ferjekontraktane som starta i 2020, vart det stor merksemd då fylkeskommunen la opp til å redusera talet ferjeruter til og frå Tysnes. Etter sterkt press frå Tysnes kommune, klarte me å minimera skaden. Men realiteten er at me i Tysnes har dårlegare ferjetilbod no enn det me hadde før. Det må kontinuerleg jobbast for å betra ferjetilbodet, og betra forholda for dei som reiser med ferjene. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Jobba for at fylkeskommunen prioriterer auke i ruteproduksjon på begge ferjesambanda til og frå Tysnes.
- Jobba for at det i fyrste omgang blir sett inn ekstra ferje Våge – Halhjem i sommarhalvåret.
- Jobba for at fylkeskommunen gjer naudsynte oppgraderingar av ferjekaien i Våge, slik at lange køar ikkje skapar farlege situasjonar.

## Hurtigbåt

I Tysnes har me to fylkeskommunale båtsamband. For Tysnes er det viktig at me opprettheld og vidareutviklar tilbodet på hurtigbåt i kommunen. **Difor vil Tysnes Høgre:**

- Jobba for å sikra vidare drift av skuleruta mellom Våge – Bruntveit og Osøyro.
- Auka ruteproduksjonen på båten i Bjørnefjorden.
- Arbeida for båtpendling for skuleelevar ved Fusa vgs.
- Sørgja for at «Malkenesbåten» også i framtida går til Flesland og Bergen sentrum, og at ein vurderer stopp i Våge.
- Jobba for at fylkeskommunen legg til rette for at turistar frå inn- og utland enklare kan nytta seg av hurtigbåtane som framkomstmiddel.

## Buss

I Tysnes er det bilen som er det primære framkomstmiddelet. Likevel er det viktig at me har eit godt busstilbod for dei som treng det i kvardagen.

**Difor vil Tysnes Høgre:**

- Jobba for god korrespondanse mellom buss, ferjer og båt.
- Jobba for å oppretthalda viktige bussruter i kommunen.
- Jobba for at Vestland fylkeskommune innfører meir fleksible kollektivløysingar, som bestillingsruter, der ein i større grad kan nytta seg av mindre og meir miljøvenleg materiell.
- Jobba for at det blir eit kollektivtilbod også på laurdagar.

## Klima

Klimakrisa er vår tids største utfordring, og skal me unngå auka global oppvarming, er me avhengig av at det blir sett inn tiltak som reduserer klimagassutsleppa. Me meiner det er viktig at kommunen også tar sin del av ansvaret. Tysnes skal vera ein klimaklok kommune, der me skal vere framoverlent med gode løysingar og effektive tiltak for våre innbyggjarar og for næringslivet. Tysnes Høgre vil sikra at klimaomstilling er ein sentral del av heile kommunen si verksemd. **Tysnes Høgre vil:**

- Laga ein klima- og miljøplan, for å planlegga korleis me mest effektivt skal kutta utsleppa i kommunen.
- Velja klima- og miljøvennlege produkt og løysingar der dette er tilgjengeleg og forsvarleg.
- Premiera klimavennlege løysingar i framtidige byggeprosjekt.
- Investera i solenergi med smart energistyring og ladeløysingar på alle eigna kommunale bygg, og alle kommunale nybygg.
- Alle nye tenestebilar skal vere elektrisk, eller gå på anna nullutsleppsteknologi, der dette er mogleg og forsvarleg.
- Byggja ut ladepunkt på offentlege parkeringsplassar.
- Setja krav til ladeinfrastruktur på framtidige parkeringsplassar.
- Arbeida for etablering av hurtigladestasjonar for bil i tilknytning til alle lokale sentrumsområde (Lunde, Onarheim, Bruntveit, Uggdal og Våge).

## Natur og miljø

Me meiner Tysnes er den flottast plassen i verda. Her bur me mellom fjord og fjell, med vakker vegetasjon mellom. I Tysnes skal innbyggjarane oppleva at naturen er lett tilgjengeleg, og at ein alltid har nærområde å bevega seg i som er tilgjengeleg, uansett om du er i god eller dårleg form. Det er viktig at me tek vare på naturen, og sørgjer for at den held seg vakker, også i framtida. **Tysnes Høgre skal jobba for at:**

- Det ikkje blir etablert vindparkar i Tysnes kommune.
- Ein tek vare på viktige natur- og friluftsområde i kommunen. Høgre vil vurdere om fleire plassar skal forvaltast av Bergen og omland friluftsråd (BOF) for å sikre vedlikehald og tilrettelegging av fleire friluftsområde.

# EIN GRØNARE KOMMUNE

- Ein legg til rette for fleire nærløyper i bygdene, slik som turvegen rundt Kyrkjevatnet er eit godt døme på.
- Ein ikkje tek byggesaksgebyr for gapahukar og andre enkle byggetiltak som tener allmenta i friluftsområde.
- Ein held fram å støtte arbeidet med skilting og kartfesting av turløyper.
- Kommunen har oppdaterte kartleggingar og planar. Gamalt og dårleg kunnskapsgrunnlag gjer ofte at statsforvaltaren og fylkeskommunen vinn fram med klager og motsegner i sakar kor kommunen ønskjer samfunnsutvikling og utbygging. Oppdatert og lokalt forankra kunnskapsgrunnlag vil redusere konfliktpotensial og bidra til betre balanse mellom utviklingsbehov og naturomsyn.

## Avfall og avfallshandtering

Tysnes kommune har ansvar for avfallshandteringa i kommunen, og løyser dette i eit interkommunalt samarbeid i SIM. Det er viktig at Tysnes kommune brukar eigarmakta si til å påverka SIM til å utvikla seg i ein endå meir miljøvenleg retning, samtidig som kommunen sjølv tek ansvar for å handtera sitt eige avfall på ein god måte. Dette er bra for både klimaet og miljøet. **Tysnes Høgre skal jobba for:**

- Å styrka innsatsen mot plastforureining, og arbeida for fjerning av plastboss på land, i strandsona og i sjøen.
- Å gjera det enklare å kjeldesortera, og gjera gode miljøval. Dette gjeld både eigen kjeldesortering i dunkar i heimen og tilgjengelegheita til å levera på miljøstasjonen i Eredalen.
- Å få på plass ordningar for at hytteturistar og andre turistar får moglegheit til å kjeldesortera bosset sitt.
- Å etablera eit felles oppsamlingspunkt for landsbruksplast.
- Å syta for at kommunen, saman med SIM, er med å legg til rette for ryddeaksjonar i strand og på land.
- Å syta for at det blir etablert plastoppsamlarar i sjøen på båthamnene i kommunen.
- At kommunen vidareutviklar eiga gjenbruksordning for møblar, og at kommunen generelt etterspør gjenbruk og moglegheiter for reparasjon ved anskaffingar.
- At kommunen lagar ein konkret handlingsplan mot matsvinn for å kutta matsvinnet i kommunen sine verksemder.
- Å få på plass betre system for kjeldesortering av næringsboss.
- At kunstgrasbanar med gummigranulat skal ha oppsamlingsutstyr, slik at ein oppfyller internasjonale krav om handtering av gummigranulat.